



Kjell Yri, Knut Prestnes og Arve Opsanger i formannskapet i dag

**Som venta var det stort fleirtal for utbyggjing av kraftverk i Børsdalselva då formannskapet hadde småkraftverk-planane i Kvinnherad til uttale idag. Venstres Kjell Yri fekk berre med seg Kristeleg Folkepartis Otto Benjaminson då han gjekk inn for å avvisa planane. Men alle i formannskapet gjekk inn for både Tverrelva-verket og verk i Eikeelva. Rådmannen var også for alle 3 prosjekt i Uskedalen. Men politikarane tok atterhald på fleire punkt i tråd med rådmannens forslag.**

Det må til dømes takast høgd for korrigerande tiltak etterpå hvisdet vert merkbar uheldige konsekvensar for det biologiske mangfald. Det må også vurderast korleis ein kan fremja friluftsliv i det aktuelle området. Og i dei elvar som har drikkevassforsyning må den sikrast både i anleggs- og driftsfasen.

Både Arve Opsanger frå Arbeidarpartiet og Høgres Gunn Mari Moberg tala for utbyggjinga, ikkje minst som eit næringstiltak, medan Yri peika på at Børsdalsprosjektet vil gje store naturinngrep. In fugleart og to raudlisteartar vert berørt, utløpet på eit vatn vert stengd og eit anna vert regulert opp og ned. Kvinnherad har ikkje mykje uberørt natur att og her vert store områder øydelagd for all framtid.

Kjell Yri stilte og ei rekkje spørsmål i dagens møte, mellom anna kvifor Kvinnherad kjem så dårleg ut i den siste 'kommunerankingen'. Vår kommune er heilt nede på plass 210 av 420. Rådmannen meinte at plasseringa ikkje er noko å skjemmaast over fordi den har si forklaring. -Det er modellen som set oss der og plasseringa seier lite om kvaliteten, heldt han fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen